




VIA DOLOROSA

JESUS SIN LIDINGSVEG PÅ 14 PLAKATAR

BIBELTEKSTAR FRÅ LUKAS – LETT Å LESA

Å gå i Jesu fotspor mot krossen - frå stasjon til stasjon – er ein gamal tradisjon. Her er 14 plansjar med bilete til krossvandring.

Plansjane kan de bruka til vandring utandørs

- som opplegg i fastetida
- for konfirmantane og i trusopplæringa
- i samband med gudstenesta på langfredag

Kvar plansje har eit bilete i fargar som er laga av Nordfjord-kunstnaren Magne V. Kristiansen i 2021.

Bibeltekstane er stort sett henta frå Bibelselskapet si nye omsetjing Lukasevangeliet lett-å-lesa. De kan velje mellom NYNORSK og BOKMÅL.

Plansjane er produsert i A3 på sterk plastfilm av FluorLux AS.

Plansjane er UV-sikre og toler regn.

På neste side finn du oversyn over bibeltekstane som er nytta og informasjon om bestilling.

STASJON	HENDING	BILET-TEKST (utdrag)
0	Velkommen	
1	Jesus i Getsemane	Luk 22, 39 - 46
2	Judas svik Jesus	Luk 22, 47 - 48
4	Peter fornektar Jesus	Luk 22, 60b - 62
3	Jesus vert klaga for det høge rådet	Luk 22, 63 - 71
5	Jesus vert dømd til døden	Luk 23, 1 – 25
6	Jesus vert pint	Matt 27, 27 - 31
7	Jesus ber krossen	Joh 19, 17
8	Simon frå Kyréne	Luk 22, 26
9	Kvinnene som gret	Luk 23, 27 - 28
10	Jesus vart krossfest	Luk 23, 32 - 34
11	Røvaren på krossen	Luk 23, 39 - 43
12	Jesus snakkar til Maria og Johannes	Joh 19, 26 - 27
13	Jesus døyr	Luk 23, 44 - 46
14	Jesus vert gravlagd	Luk 23, 50 - 53

Gjeve ut av Balestrand sokneråd.

Pris for 14 plakatar + infoplakat: Kr 2500,- + MVA og frakt.

Eventuelt overskot vil vi gje til Det norske misjonsselskap sitt arbeid i Mali


Plakatane vert produserte og sende ut fortløpande etter kvart som vi får tinging. For levering før påske, bør de tinga innan 17. mars 2023.

[TRYKK HER for å bestille krossvandringa VIA DOLOROSA.](#)

Ved spørsmål, kontakt sokneprest Kjetil Netland, m. 476 28 555.

PLAKATANE

På dei fylgjande sidene kan du sjå lågoppløyste bilete av dei 15 plakatan; introdukusjonsplakat og plansjar til 14 postar.



VIA DOLOROSA

Å gå i Jesu fotspor mot krossen - frå stasjon til stasjon – er ein gamal tradisjon. I Jerusalem kan ein gå den geografiske vegen Jesus gjekk for 2000 år sidan. No kan du følgje Jesus gjennom 14 stasjonar her hos oss.

Landshøvdingen brukte å gje ein fange fri i påska. Difor ville han setje Jesus fri. Men folket ropte: «Bort med Jesus! Slepp Barabbas fri!» På stasjon 5 ser vi at Barabbas vert sett fri då Jesus vart dømd til døden. Kunstnaren har tenkt seg at Barabbas følgde etter Jesus for å sjå korleis det gjekk. Sjå etter Barabbas på andre stasjonar òg. Barabbas tenkte kanskje: *Jesus døyrr i staden for meg*. Kva tankar gjer du deg, når du går gjennom denne løypa?

*Han vart såra for våre brot,
knust for våre synder.
Straffa låg på han, vi fekk fred,
ved hans sår vart vi lækte*

(Jesaja 53, 5)





1. JESUS I GETSEMANE

Jesus gjekk ut og tok vegen mot Oljeberget. Apostlane følgde han. Dei kom fram til staden der dei sov om natta. Jesus sa til apostlane: «Be om at de ikkje må bli sette på prøve!» Han reiv seg laus frå dei. Så gjekk han eit steinkast unna. Der knelte han og bad. Jesus sa: Far, om du vil, så lat meg ikkje lida. Ta dette begeret frå meg. Men lat det bli som du vil, ikkje som eg vil. Ein engel frå himmelen synte seg for Jesus og styrkte han. Jesus vart gripen av angst. Han bad endå meir inderleg. Sveitten hans draup ned på jorda. Sveitten var som dropar av blod.

Luk 22, 39 – 44





2. JUDAS SVIK JESUS

Jesus tala enno med apostlane. Då kom ei gruppe med menn. Han som heitte Judas, gjekk føre. Han var ein av dei tolv apostlane. Judas kom bort til Jesus og ville helsa han med eit kyss.

Men Jesus sa: «Judas, svik du Menneskesonen med eit kyss?»

Luk 22, 47 - 48





3. PETER FORNEKTAR JESUS

Nokre hadde tent eit bål på plassen framfor huset. No sat dei rundt bålet. Peter sat der saman med dei. Så kom det ein og sa: «Denne mannen var òg saman med Jesus. Det er sant! Mannen er då frå Galilea!» Peter svara: «Kven er du? Kva snakkar du om?» Nett då gol hanen. Herren snudde seg og såg på Peter. Då hugsa Peter kva Jesus hadde sagt: «Før hanen skal gala i natt, skal du seia at du ikkje kjenner meg. Du skal seia det tre gonger.» Og Peter gjekk ut og gret fortvila.

Luk 22, 55 – 62 (utdrag)





4. JESUS VERT KLAGA FOR DET HØGE RÅD

Det vart morgon. Då kom eldsterådet i folket saman. Både overprestane og ekspertane på skriftene var der. Jesus vart ført fram for Rådet. Dei spurde Jesus: «Er du Kristus, kongen som Gud har salva? Svar oss!» Jesus svara: «De vil ikkje tru det om eg seier det. De vil ikkje svara om eg spør dykk. Men frå no av skal Menneskesonen sitja hos den mektige Gud. Han skal sitja ved Guds høgre hand.» Då spurde alle: «Tyder dette at du er Guds Son?» Jesus svara: «De seier at eg er Guds Son.» Då sa dei: «Kva skal vi med vitne? Han har sagt det sjølv, og vi har høyrte det.»

Luk 22, 63 – 71






5. JESUS VERT DØMD TIL DØDEN

Så førte dei Jesus til Pilatus. Han var den romerske guvernøren i Jerusalem. Pilatus ville sleppa Jesus fri. Men folket var sterkare, og dei ropa: «Krossfest! Krossfest Jesus!» For tredje gong sa Pilatus til dei: «Kva gale har Jesus gjort? Kvifor skal eg dømma han til døden? Eg ser ingen grunn til det. Soldatane kan piska han, og så slepp eg han fri.» Men folket gav seg ikkje. Dei skreik høgt. Dei kravde at Jesus skulle bli krossfest. Og skrika deira vann. Pilatus sa fram dommen. Han følgde kravet deira. og lét Barabbas gå fri. Det var han som sat i fengsel for opprør og drap. Så gav han Jesus til soldatane, slik folket ville.

Luk 23, 1 og 20 – 25 (Utdrag)






6. JESUS VERT PINT

Soldatane til landshovdingen tok no Jesus med seg inn i borga og samla heile vaktstyrken omkring han. Dei kledde av han og hengde på han ei skarlaksraud soldatkappe, fletta ei tornekrone og sette på hovudet hans og gav han ein kjepp i høgre handa. Dei fall på kne for han, spotta han og sa: «Ver helsa, du konge over jødane!» Så spytta dei på han og tok kjeppen og slo han i hovudet. Då dei hadde hånt han, tok dei av han kappa og hadde på han hans eigne klede.

Matt 27, 27 - 31






7. JESUS BER KROSSEN

Så tok dei Jesus med seg. Han bar sjølv krossen sin og gjekk ut til den staden dei kallar Hovudskallen, på hebraisk Golgata. Der krossfeste dei han.

Joh 19, 17 - 18





8. SIMON FRÅ KYRÉNE

Soldatane førte Jesus bort. På vegen greip soldatane tak i ein mann. Mannen heitte Simon. Han var frå Kyréne. Han var på veg heim frå markene. Soldatane la krossen til Jesus på Simon. Han måtte gå bak Jesus og bera krossen.

Luk 23, 26





9. KVINNENE SOM GRET

Mange av folket følgde etter. Det var òg kvinner mellom dei. Og dei sørgde og gret. Jesus snudde seg og sa til kvinnene: «Døtrer av Jerusalem, gråt ikkje over meg. Gråt over dykk sjølve, og gråt over borna dykkar.

Luk 23 , 27 – 28






10. JESUS VERT KROSSFEST

Dei kom fram til den staden dei kallar «Hovudskallen». Der spikra dei Jesus og dei to forbrytarane fast til krossane. Den eine forbrytaren hang på høgre sida av Jesus. Den andre hang på venstre sida. Jesus sa: «Far! Tilgjev dei, for dei veit ikkje kva dei gjer.»• Soldatane kasta lodd om kleda til Jesus. Så delte dei kleda hans mellom seg. Folket stod og såg på.

Det hang ein tekst over Jesus på krossen. Der stod det skrive: «Dette er kongen over jødane».

Luk 23, 32 – 35 og 38





11. RØVAREN PÅ KROSSEN

Den eine av forbrytarane som hang der, håna Jesus. Han sa: «Er ikkje du Kristus, kongen som Gud har salva? Berg deg sjølv og oss!» Men den andre forbrytaren sette han på plass. Han sa: «Fryktar du ikkje Gud? Du har fått den same dommen som denne mannen. For oss er dommen rettferdig. Vi får det vi har fortent. Men han har ikkje gjort noko gale.» Så sa han: «Jesus, tenk på meg når du kjem til kongeriket ditt!» Jesus sa til forbrytaren: «Høyr kva eg seier: I dag skal du vere med meg i paradiset.»

Luk 23, 33 – 43 (utdrag)





12. JESUS HAR OMSORG FOR MOR SI

Jnnmed Jesu kross stod mor hans og syster til mor hans, Maria, som var gift med Klopas, og Maria Magdalena. Då Jesus fekk auge på mor si og såg at den læresveinen han hadde kjær, stod attmed henne, sa han til mor si: «Kvinne, sjå, der er son din.» Så sa han til læresveinen: «Det er mor di.» Frå den stunda tok læresveinen henne heim til seg.

Joh 19, 26 – 27





13. JESUS DØYR

Det var alt midt på dagen. Brått vart det mørkt over heile landet. Det var mørkt i tre timar. Sola skein ikkje. Og førehenget i tempelet rivna på midten. Jesus ropa høgt: «Far! Eg legg mi ånd i dine hender.» Med desse orda anda han ut.

Luk 23, 44 – 46





14. JESUS VERT GRAVLAGT

Jerusalem budde ein mann som heitte Josef. Han var medlem av Rådet. Josef var ein god mann, som levde rett. Han var ikkje med på det Rådet hadde planlagt og gjort. Josef var frå Arimatea, ein by i Judea. Han venta på at Guds rike skulle koma. No gjekk han til Pilatus og spurde om å få kroppen til Jesus. Og Josef tok kroppen hans ned frå krossen. Han la eit stykke tøy av lin omkring han. Så la han kroppen i ei grav. Grava var hogd ut i fjellet. Ingen andre hadde lege der før.

Luk 23, 50 – 53

